

Nord-Fron kommune

Politisk sak

Høyringsuttale frå Nord-Fron kommune til NOU 2018:11 Ny Fjellov

Utval	Saksnr	Møtedato
Utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker	004/19	30.01.2019
Kommunestyret	011/19	12.02.2019

Saksbehandlar	Journalpost
Geir Johan Groven	19/1013

Vedlegg:

1. (Utkast) Høringsuttalelse fra Utmarkskommunenes Sammenslutning til NOU 2018:11 Ny fjellov, datert 14.1.2019.
2. Fron Statsallmenning - Kart.
3. Vulufjell Statsallmenning - Kart.
4. Høyringsuttale frå KS til NOU 2018-11 Ny Fjellov

Administrasjonssjefen legg saka fram for utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker med slik

Innstilling:

Utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker tilrår at kommunestyret gjev følgjande høyringsuttale til NOU 2018:11 Ny Fjellov:

Nord-Fron kommune støttar i all hovudsak fleirtalsforslaga
(Statsallmenningslovutvalet) sine konklusjonar i NOU 2018:11 til Ny Fjellov.

Nord-Fron kommune presiserer at fellesgodane i statsallmenningane er svært viktige for den lokale landbruksnæringa, og ikkje minst som motivasjon for busetnad og tilflytting til kommunen.

Nord-Fron kommune støttar fleirtalsforslaget om etablering av ei felles lov for fjellstyrta og for statsallmenningstyrta, dvs. at Fjellova og Statsallmenningslova blir slege saman.

Nord-Fron kommune presiserer at samanslåing av Fjellova og Statsallmenningslova ikkje må medføre at rettar som i dag ligg til lokal landbruksnæring eller lokale innbyggjarar blir svekka eller fjerna jf. til dømes beiterett, rett til utvising av seter, rett til utvising av dyrkjingsjord, virkesrett for uttak av ved og tømmer til eige bruk, småviltjakt, villreinjakt og fiske med garn og oter.

Nord-Fron kommune støttar fleirtalsforslaget om at fjellstyrta skal overta ansvaret for forvaltninga av skogen i statsallmenningar med virkesrett i staden for Statskog SF. Statskog SF si rolle som grunneigar bør

reindyrkast, dvs. at ein skil rolla til Staten som eigar og som myndigkeit i statsallmenningane.

Nord-Fron kommune støttar fleirtalsforslaget om at hovudregelen for virkesretten bør vere enkeltpersondrift jf. at virkesrettshavarane sjølv skal ha rett til å hogge og drive fram utvist virke.

Nord-Fron kommune støttar fleirtalsforslaget om auka sjølvstyre til dei lokale fjellstyra, inkludert styrking av det lokale oppsynet og styrking av finansieringa av fjellstyra.

Nord-Fron kommune støttar fleirtalsforslaget om at innhaldet i bruksrettane som er etablerte gjennom lang tids bruk ikkje kan opphevast ved lov utan erstatning, og at allmenningsretten framleis skal kunne «*utøvast på ein måte... som er naturleg etter tida og tilhøva*». Desse reglane bidreg til at nye driftsmetodar som dukkar opp etter at ny lov er vedteke ikkje blir ekskludert frå lovverket.

Nord-Fron kommune støttar fleirtalsforslaget om at ein skal kunne inkludere anna gardstilknytta næringsverksemd når det gjeld kva som skal reknast som jordbruksdrift i tillegg til tradisjonelt jord- og skogbruk.

Nord-Fron kommune støttar fleirtalsforslaget på at rett til utvising av dyrkjingsjord er ein bruksrett. Nord-Fron kommune støttar mindretalsforslaget på at utvist dyrkjingsjord bør kunne leigast ut, men med den avgrensing at det berre skal vere til andre med bruksrett. Over tid kan drift av eigedomar kunne leggjast ned og deretter gjenoppstarte, og utleige av den dyrka marka er eit fleksibelt verkemiddel for å halde jorda i hevd i periodar der det ikkje er i drift. Fjellstyret skal varslast om leigeforholdet.

Nord-Fron kommune støttar fleirtalsforslaget om vidareføring av gjeldande reglar for jakt og fiske i statsallmenningane. Gjeldande system med prisrammer for jakt og fiske bør vidareførast, og tilsvarande bør moglegheiter for favorisering av innanbygdsbuande innanfor jakt og fiske vidareførast.

Nord-Fron kommune støttar ei vidareføring av gjeldande forbod mot sal av areal frå statsallmenning (avhendingsforbod), men med framleis vidareføring av dei unntak som gjeld i dagens lov.

Nord-Fron kommune støttar fleirtalsforslaget om at det ikkje kan opnast for sal av tomter til fritidsbustader i statsallmenningane.

Nord-Fron kommune meiner det er viktig at det framleis blir eit lokalt oppsyn tilsett av fjellstyret. Overføring av denne oppgåva til SNO vil flytte makt frå dei lokal fjellstyra og over til SNO, som har ei meir sentralt styrt organisering som ikkje er forankra i lokalsamfunna på same måte som eit fjellstyre.

Nord-Fron kommune meiner det er viktig at fjellstyret blir representativt i forhold til brukarinteresser, og støttar fleirtalsforslaget i lovutvalet med

at det skal vere minst to medlemmar med jordbrukstilknytte bruksrettar i kvart fjellstyre og at desse skal veljast av dei med bruksrettar. Ny fjellov bør ikkje vere absolutt på at talet medlemmer skal avgrensast til fem stk., sjølv om dette kan vere hovudregelen.

Nord-Fron kommune støttar fleirtalsforslaget i at det kan opnast for fleire fjellstyre innanfor same kommune.

Nord-Fron kommune støttar fleirtalsforslaget på at løpende brutto grunneigarinntekter delast 50/50 mellom vedkomande fjellstyre og grunneigarfondet til Statskog SF.

.....

.....

.....

Utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker 30.01.2019:

Behandling i møte:

Administrasjonen orienterte om saka.

Vedtak og uttale frå Hovedstyre i KS vart referert og lagt fram i møte, og skal følgje saka som vedlegg til kommunestyret.

Utalet drøfta saka.

Utalet ønskjer at administrasjonen utarbeider eit utkast i høve til om kommunen kan vera klageinstans i saker om bruksrett.

Utalet la fram forslag om nytt punkt 18 i innstillinga:

18. Det bør opprettast eit eige dialogforum der kommunane, fjellstyra, Statskog og andre relevante aktørar diskuterer utviklinga i statsallmenningane, på grunnlag av kommunale og regionale planar.

Forslaget til nytt punkt 18 vart samrøystes vedteke.

Innstillinga med nytt punkt 18 vart samrøystes vedteke.

LUM- 004/19 Vedtak:

Utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker tilrår at kommunestyret gjev følgjande høringsuttale til NOU 2018:11 Ny Fjellov:

- 1 Nord-Fron kommune støttar i all hovudsak fleirtalsforsлага (Statsallmenningslovutvalet) sine konklusjonar i NOU 2018:11 til Ny Fjellov.
- 2 Nord-Fron kommune presiserer at fellesgodane i statsallmenningane er svært viktige for den lokale landbruksnæringa, og ikkje minst som motivasjon for busetnad og tilflytting til kommunen.

- 3 Nord-Fron kommune støttar fleirtalsforslaget om etablering av ei felles lov for fjellstyra og for statsallmenningstyra, dvs. at Fjellova og Statsallmenningslova blir slege saman.
- 4 Nord-Fron kommune presiserer at samanslåing av Fjellova og Statsallmenningslova ikkje må medføre at rettar som i dag ligg til lokal landbruksnæring eller lokale innbyggjarar blir svekka eller fjernajf. til dømes beiterett, rett til utvising av seter, rett til utvising av dyrkjingsjord, virkesrett for uttak av ved og tømmer til eige bruk, småviltjakt, villreinjakt og fiske med garn og oter.
- 5 Nord-Fron kommune støttar fleirtalsforslaget om at fjellstyra skal overta ansvaret for forvaltninga av skogen i statsallmenningar med virkesrett i staden for Statskog SF. Statskog SF si rolle som grunneigar bør reindyrkast, dvs. at ein skil rolla til Staten som eigar og som myndigkeit i statsallmenningane.
- 6 Nord-Fron kommune støttar fleirtalsforslaget om at hovudregelen for virkesretten bør vere enkeltpersondriftjf. at virkesrettshavarane sjølv skal ha rett til å hogge og drive fram utvist virke.
- 7 Nord-Fron kommune støttar fleirtalsforslaget om auka sjølvstyre til dei lokale fjellstyra, inkludert styrking av det lokale oppsynet og styrking av finansieringa av fjellstyra.
- 8 Nord-Fron kommune støttar fleirtalsforslaget om at innhaldet i bruksrettane som er etablerte gjennom lang tids bruk ikkje kan opphevest ved lov utan erstatning, og at allmenningsretten framleis skal kunne «*utøvast på ein måte... som er naturleg etter tida og tilhøva*». Desse reglane bidreg til at nye driftsmetodar som dukkar opp etter at ny lov er vedteke ikkje blir ekskludert frå lovverket.
- 9 Nord-Fron kommune støttar fleirtalsforslaget om at ein skal kunne inkludere anna gardstilknytta næringsverksemd når det gjeld kva som skal reknast som jordbruksdrift i tillegg til tradisjonelt jord- og skogbruk.
- 10 Nord-Fron kommune støttar fleirtalsforslaget på at rett til utvising av dyrkjingsjord er ein bruksrett. Nord-Fron kommune støttar mindretalsforslaget på at utvist dyrkjingsjord bør kunne leigast ut, men med den avgrensing at det berre skal vere til andre med bruksrett. Over tid kan drift av eigedomar kunne leggjast ned og deretter gjenoppstarte, og utleige av den dyrka marka er eit fleksibelt verkemiddel for å halde jorda i hevd i periodar der det ikkje er i drift. Fjellstyret skal varslast om leigeforholdet.
- 11 Nord-Fron kommune støttar fleirtalsforslaget om vidareføring av gjeldande reglar for jakt og fiske i statsallmenningane. Gjeldande system med prisrammer for jakt og fiske bør vidareførast, og tilsvarande bør moglegheiter for favorisering av innanbygdbsuande innanfor jakt og fiske vidareførast.

- 12 Nord-Fron kommune støttar ei vidareføring av gjeldande forbod mot sal av areal frå statsallmenning (avhendingsforbod), men med framleis vidareføring av dei unntak som gjeld i dagens lov.
- 13 Nord-Fron kommune støttar fleirtalsforslaget om at det ikkje kan opnast for sal av tomter til fritidsbustader i statsallmenningane.
- 14 Nord-Fron kommune meiner det er viktig at det framleis blir eit lokalt oppsyn tilsett av fjellstyret. Overføring av denne oppgåva til SNO vil flytte makt frå dei lokal fjellstyra og over til SNO, som har ei meir sentralt styrt organisering som ikkje er forankra i lokalsamfunna på same måte som eit fjellstyre.
- 15 Nord-Fron kommune meiner det er viktig at fjellstyret blir representativt i forhold til brukarinteresser, og støttar fleirtalsforslaget i lovutvalet med at det skal vere minst to medlemmar med jordbrukstilknytte bruksrettar i kvart fjellstyre og at desse skal veljast av dei med bruksrettar. Ny fjellov bør ikkje vere absolutt på at talet medlemmer skal avgrensast til fem stk., sjølv om dette kan vere hovudregelen.
- 16 Nord-Fron kommune støttar fleirtalsforslaget i at det kan opnast for fleire fjellstyre innanfor same kommune.
- 17 Nord-Fron kommune støttar fleirtalsforslaget på at løpende brutto grunneigarinntekter delast 50/50 mellom vedkomande fjellstyre og grunneigarfondet til Statskog SF.
- 18 Det bør opprettes eit eige dialogforum der kommunane, fjellstyra, Statskog og andre relevante aktørar diskuterer utviklinga i statsallmenningane, på grunnlag av kommunale og regionale planar.

Kommunestyret 12.02.2019:

Behandling i møte:

Finn Hellebergshaugen Nord-Fron SP la fram følgjande forslag i høve LUM sitt vedtak:

Til pkt. 3 Tillegg: - men er likevel merksam på fleirtalsforslaget til ny lov § 7 - 3.

Til pkt. 5 Tillegg: - jamfør likevel fleirtalsforslaget til ny lov § 7 - 3.

Til pkt. 6 Endring: Nord-Fron kommune støttar forslaget til ny lov § 4 - 14.

Nytt pkt. 18. Dersom Fron statsallmenning framleis skal drivast etter bygdeallmenningslova, når det gjeld forvaltninga av skogen og virkesretten, så må det bli ei ordning som gjer at noko av Statskog SF sine grunneigarinntekter, kjem attende til allmenninga.

I tillegg ga Finn Hellebergshaugen ein kommentar om at det på kartet over Fron

statsallmenning, som ligg ved saka, er feil grense i den nordre delen, og at dette bør rettast opp før høyringsuttala blir sendt inn.

Administrasjonen har lagt fram følgjande nytt pkt. 19:

19. Nord-Fron kommune oppmodar til at det blir gjort ei vurdering om kommunane kan vere klageinnstans for Fjellstyra sine vedtak om bruksrettar.

Linda Myromslien Nord-Fron SP la fram følgjande forslag til tillegg i pkt. 10:

Fjellstyret bør ha adgang til å utvise tilleggsjord i produktiv skog.

Det vart først votert over vedtaket frå LUM i 18 punkt i tillegg til det 19. pkt. frå administrasjonen. Desse 19 pkt. vart samrøystes vedtatt.

Dei 4 endringsforsлага frå Finn Hellebergshaugen fall med 9 mot 16 røyster.

Forslaget frå Linda Myromslien til tillegg i pkt. 10 vart samrøystes vedtatt.

KOM- 011/19 Vedtak:

Kommunestyret gjev følgjande høyringsuttale til NOU 2018:11 Ny Fjellov:

- 1 Nord-Fron kommune støttar i all hovudsak fleirtalsforsлага (Statsallmenningslovutvalet) sine konklusjonar i NOU 2018:11 til Ny Fjellov.
- 2 Nord-Fron kommune presiserer at fellesgodane i statsallmenningane er svært viktige for den lokale landbruksnæringa, og ikkje minst som motivasjon for busetnad og tilflytting til kommunen.
- 3 Nord-Fron kommune støttar fleirtalsforslaget om etablering av ei felles lov for fjellstyra og for statsallmenningstyra, dvs. at Fjellova og Statsallmenningslova blir slege saman.
- 4 Nord-Fron kommune presiserer at samanslåing av Fjellova og Statsallmenningslova ikkje må medføre at rettar som i dag ligg til lokal landbruksnæring eller lokale innbyggjarar blir svekka eller fjerna jf. til dømes beiterett, rett til utvising av seter, rett til utvising av dyrkjingsjord, virkesrett for uttak av ved og tømmer til eige bruk, småviltjakt, villreinjakt og fiske med garn og oter.
- 5 Nord-Fron kommune støttar fleirtalsforslaget om at fjellstyra skal overta ansvaret for forvaltninga av skogen i statsallmenningar med virkesrett i staden for Statskog SF. Statskog SF si rolle som grunneigar bør reindyrkast, dvs. at ein skil rolla til Staten som eigar og som myndigkeit i statsallmenningane.
- 6 Nord-Fron kommune støttar fleirtalsforslaget om at hovudregelen for virkesretten bør vere enkeltpersondrift jf. at virkesrettshavarane sjølv skal ha rett til å hogge og drive fram utvist virke.
- 7 Nord-Fron kommune støttar fleirtalsforslaget om auka sjølvstyre til dei lokale fjellstyra, inkludert styrking av det lokale oppsynet og styrking av finansieringa av fjellstyra.

- 8 Nord-Fron kommune støttar fleirtalsforslaget om at innhaldet i bruksrettane som er etablerte gjennom lang tids bruk ikkje kan opphevast ved lov utan erstatning, og at allmenningsretten framleis skal kunne «*utøvast på ein måte... som er naturleg etter tida og tilhøva*». Desse reglane bidreg til at nye driftsmetodar som dukkar opp etter at ny lov er vedteke ikkje blir ekskludert frå lovverket.
- 9 Nord-Fron kommune støttar fleirtalsforslaget om at ein skal kunne inkludere anna gardstilknytta næringsverksemd når det gjeld kva som skal reknast som jordbruksdrift i tillegg til tradisjonelt jord- og skogbruk.
- 10 Nord-Fron kommune støttar fleirtalsforslaget på at rett til utvising av dyrkjingsjord er ein bruksrett. Nord-Fron kommune støttar mindretalsforslaget på at utvist dyrkjingsjord bør kunne leigast ut, men med den avgrensing at det berre skal vere til andre med bruksrett. Over tid kan drift av eigedomar kunne leggjast ned og deretter gjenoppstarte, og utleige av den dyrka marka er eit fleksibelt verkemiddel for å halde jorda i hevd i periodar der det ikkje er i drift. Fjellstyret skal varslast om leigeforholdet.
- Fjellstyret bør ha adgang til å utvise tilleggsjord i produktiv skog.
- 11 Nord-Fron kommune støttar fleirtalsforslaget om vidareføring av gjeldande reglar for jakt og fiske i statsallmenningane. Gjeldande system med prisrammer for jakt og fiske bør vidareførast, og tilsvarande bør moglegheiter for favorisering av innanbygdsbuande innanfor jakt og fiske vidareførast.
- 12 Nord-Fron kommune støttar ei vidareføring av gjeldande forbod mot sal av areal frå statsallmenning (avhendingsforbod), men med framleis vidareføring av dei unntak som gjeld i dagens lov.
- 13 Nord-Fron kommune støttar fleirtalsforslaget om at det ikkje kan opnast for sal av tomter til fritidsbustader i statsallmenningane.
- 14 Nord-Fron kommune meiner det er viktig at det framleis blir eit lokalt oppsyn tilsett av fjellstyret. Overføring av denne oppgåva til SNO vil flytte makt frå dei lokal fjellstyra og over til SNO, som har ei meir sentralt styrt organisering som ikkje er forankra i lokalsamfunna på same måte som eit fjellstyre.
- 15 Nord-Fron kommune meiner det er viktig at fjellstyret blir representativt i forhold til brukarinteresser, og støttar fleirtalsforslaget i lovutvalet med at det skal vere minst to medlemmar med jordbrukstilknytte bruksrettar i kvart fjellstyre og at desse skal veljast av dei med bruksrettar. Ny fjellov bør ikkje vere absolutt på at talet medlemmer skal avgrensast til fem stk., sjølv om dette kan vere hovudregelen.
- 16 Nord-Fron kommune støttar fleirtalsforslaget i at det kan opnast for fleire fjellstyre innanfor same kommune.

- 17 Nord-Fron kommune støttar fleirtalsforslaget på at løpande brutto grunneigarinntekter delast 50/50 mellom vedkomande fjellstyre og grunneigarfondet til Statskog SF.
- 18 Det bør opprettes eit eige dialogforum der kommunane, fjellstyra, Statskog og andre relevante aktørar diskuterer utviklinga i statsallmenningane, på grunnlag av kommunale og regionale planar.
19. Nord-Fron kommune oppmodar til at det blir gjort ei vurdering om kommunane kan vere klageinstans for Fjellstyra sine vedtak om bruksrettar.

Bakgrunn for saka:

Landbruks- og Matdepartementet har sendt NOU 2018:11 om ny fjellov på høyring, med høyningsfrist 28. februar 2019. Høyningsbrevet og heile NOU 2018:11 kan lesast her: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2018-11/id2605120/>

Høyningsdokumenta er tidlegare sendt medlemma i utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker (LUM).

Regjeringa ønskjer å forenkle utmarksforvaltninga. Dette er bakgrunnen for arbeida med ny Fjellov.

Statsallmenningslovutvalet med tolv medlemmer vart oppnemnd 4. mars 2016, og overleverte utgreiinga "Ny fjellov" til Landbruks- og matdepartementet 22. juni 2018. Lovutvalet har i NOU 2018:11 føreslege ei ny lov til erstatning for Lov 6. juni 1975 om rettar og lunnende m.m i statsallmenningane (Fjellova) og Lov 19. juni 1992 om skogsdrift i statsallmenningane (Statsallmenningslova).

Fjellova regulerer blant anna rettar knytt til jordbruket i forhold til beiting, setre og utvising av dyrkjingsjord, samt jakt, fiske og praktisering av friluftsliv i statsallmenningen, medan statsallmenningslova regulerer virkesretten på skog. Statsallmenningane er med både *Fjellova* og *Statsallmenningslova* underlagt to lover med ulik regulering av rettigheter og bruk som etablerer to ulike forvaltingssystem, og dette kan gjere regelverket uoversiktleg og vanskeleg tilgjengeleg.

Utgreiinga peikar på at mykje har endra seg i det norske samfunnet i løpet av dei vel 40 åra som har gått sidan gjeldande Fjellov vart vedteke. Innanfor landbruket har det vore ei utvikling i retning av stadig færre eigedomar som blir drive som sjølvstendige bruk, delen av jord som blir drive ved med bortleige har auka og tal bruk med husdyrproduksjon har gått ned. I følgje utgreiinga har dette ført til ein nedgang i tradisjonell seterdrift og mindre beitebruk i utmark.

Nord-Fron er ein vesentleg utmarksommune. Ein har to statsallmenningar, Fron Statsallmenning og Vulufjell Statsallmenning, som både omfattar areal både i Nord- og Sør-Fron kommunar. *Fron Fjellstyre* og *Vulufjell Fjellstyre* forvaltar etter Fjellova bruksrettane til seter og beite, samt jakt, fangst og fiske i nemnte statsallmenningar.

Fron Statsallmenning har virkesrett, men skogen blir forvalta etter

Bygdeallmenningslova med eige allmenningsstyre - Fron allmenning. Statskog SF er grunneigar. Når det gjeld Vulufjell Statsallmenning er det ikkje virkesrett.

Fron Statsallmenning har om lag 21 setre og 20 dyrkingsparsellar. Vulufjell Statsallmenning har ingen setre eller dyrkingsparsellar.

Ein har i tillegg Espedalen Bygdeallmenning, som omfattar areal både i Nord- og Sør-Fron kommunar, men som ikkje er omfatta av høyringa jf. at det her er Bygdeallmenningslova som gjeld.

Utmarkskommunenes Sammenslutning (USS) har utarbeidd felles høyringsuttale på vegne av medlemskommunane (95 stk.), jf. vedlegg 1. Nord-Fron er medlem av USS. USS si uttale gjev ein fullstendig gjennomgang, vurdering og tilråding av alle forslag til ny Fjellov. Nord-Fron kommune vil konsentrere si uttale mot det ein vurderer som mest relevant for vår kommune.

Følgjande tema er av særleg betydning for kommunane:

- Forenkling (samanslåing av styrer – fjellstyra/allmenningsstyrer og lover).
- Styrking av den lokale forvaltinga / kommunane si myndighet i utmarka.
- Kommunane si rolle ved oppnemning av fjellstyra – samansetning.
- Geografisk verkeområde.
- Avhending / feste.
- Sjølvfinansiert / statleg finansiering.
- Skog / virkesrett.
- Oppsyn.

Nord- og Sør-Fron kommunar koordinerer høyringsuttalane jf. felles areal i statsallmenningane. Høyringsuttalane skal behandlast i **kommunestyra** i Nord-Fron og Sør-Fron høvesvis 12. februar 2019 og 26. februar 2019.

Rådmannsleiinga si vurdering:

Overordna synspunkt

Rådmannsleiinga registrerer at lovutvalet er einstemmige i mange viktige hovudspørsmål, men er likevel delt i fleire av spørsmåla som er av prinsipiell betydning. Ein viser vidare til at i dei spørsmåla kor utvalet er delt er det gjennomgåande eit stort fleirtal og eit lite mindretal.

Statsallmenningane tek vare på mange rettigheter og interesser, og rådmannsleiinga vil såleis understreke at fleirtalsforsлага byggjer eit breitt kompromiss, og at brei semje er ein viktig føresetnad for effektiv og god forvaltning av statsallmenningane.

Når det gjeld høyringsutkastet støttar såleis rådmannsleiinga i all hovudsak fleirtalsforsлага sine hovudkonklusjonar.

Forenkling av lovverket

Rådmannsleiinga er samd med lovutvalet i at det er tenleg å ha ei samla lov for statsallmenningane med bakgrunn i at det i all hovudsak er dei same eigedomane som har rettar etter dei to lovane, og dei regulerer dei same areala. Ein støttar såleis eit samla lovutval om *etablering av eit nytt felles fjellstyre til erstatning for dagens separate fjellstyre og statsallmenningsstyre*.

Rådmannsleiinga vil likevel sterkt presisere at samanslåing av Fjellova og Statsallmenningslova ikkje må medføre at rettar som i dag ligg til lokal landbruksnæring eller lokale innbyggjarar (utilsikta) blir svekka eller fjerna jf. til dømes beiterett, rett til utvising av seter, rett til utvising av dyrkjingsjord, virkesrett for uttak av ved og tømmer til eige bruk, småviltjakt, villreinjakt og fiske med garn og oter.

Rådmannsleiinga meiner det er avgjerande viktig at private rettar vert sikra av modellar som vert oppfatta som trygge for dei som eig rettane. Ein meiner samanslåing av styre berre vil fungere etter intensjonen dersom det har støtte frå dei som eig ressursane styra skal forvalte. Ein ser at føreslegne endringar er størst for dei med virkesrett. Det er såleis spesielt viktig at rettane og interessene til dei med virkesrett vert sikra på ein måte dei sjølv oppfattar som trygg.

Bruksrettar

Rådmannsleiinga meiner det er avgjerande viktig at ny Fjellov sikrar rammer som tek vare på bruksrettane som er knytt til jordbruket. Viktige bruksrettar knytt til jordbruket er til dømes beite, seterdrift, tilleggsjord og hogst. Ein meiner vidare at bruksrettane må kunne utvikle seg dynamisk med «tida og tilhøva». Fleirtalet i lovutvalet meiner at det dynamiske elementet nettopp skal opne for *nye bruksmåtar* der andre ikkje lenger blir brukt.

Nye bruksrettar kan både oppstå ved ei gradvis utvikling frå ein etablert bruksrett, men også ved at ressursane i statsallmenningane blir brukt på ein ny måte som kan støtte opp under jordbruksdrifta og gje ny inntekt til garden. Fleirtalet i lovutvalet oppfattar til dømes tilleggsjord og utnytting av vasskraft til visse føremål som ein bruksrett. Ei slik dynamisk utvikling av bruksrettane er nødvendig for å gje jordbruket utviklingsrom og for at verdien i bruksrettane skal oppretthaldast.

Rådmannsleiinga vil påpeike at sjølv om utvikling i landbruket går mot større og færre einingar i drift, betyr ikkje dette nødvendigvis at bruken rekna i omfang av beitedyr har hatt tilsvarande utvikling. Ein vil presisere at rettane knytt til jordbruket og skogbruket framleis har stor betydning.

Lokalt sjølvstyre og samansetning av nytt fjellstyre

Rådmannsleiinga støttar prinsippet om auka lokalt sjølvstyre jf. lokalkunnskap. Det bør vere eit mål å sikre grunnlag for ei lokal forvaltning som er rusta til å forvalte og balansere dei ulike interessene og rettane, og fjellstyre med lokaldemokratisk forankring er avgjerande for å oppnå dette. Ein støttar fleirtalsforslaget i lovutvalet som tilrår ein modell der fjellstyra framleis skal oppnemnast av kommunestyret, men der rettshavarane skal ha moglegheit til å nominere sine representantar i fjellstyret.

Både Vulufjell- og Fron Fjellstyre er samansett av seks medlemmar, tre frå kvar kommune. Det er viktig at det i lovverket kan opnast for fleire enn fem medlemmar, sjølv om dette skal vera hovudregelen. Det er også viktig at det er moglegheit for at det kan oppretta fleire fjellstyre innanfor same kommune, der det er fleire allmenningar.

Oppsyn

Rådmannsleiinga støttar fleirtalsforslaget om vidareføring av ordninga med fjellopsyn tilsett av fjellstyra, dvs. modell 1. Modellen inneber at Fjellopsynet utfører oppsyn i statsallmenningane, inkludert oppgåver etter Naturoppsynslova, altså ei vidareføring av gjeldande ordning, men der ein tydeleggjer rolle og

heimelsgrunnlag og lovfestar den praksisen ein har i dag.

Ein meiner at ny Fjellov må sikre grunnlaget for at fjellstyra kan ha ein lokal administrasjon med rett kompetanse og tilstrekkeleg kapasitet. Rådmannsleiringa meiner at ordninga sikrar at statsallmenningane framleis har eit feltapparat med nær tilknyting til områda, og at dette apparatet har god lokalkunnskap.

Ein meiner at ein ved å overføre denne oppgåva til SNO vil flytte makt frå dei lokale fjellstyra over til SNO som har ei sentralt styrt organisering, og som ikkje er forankra i lokalsamfunnet på same måten som eit fjellstyre.

Avhending / Feste

Rådmannsleiringa støttar prinsippet om at statsallmenningane skal forvaltast i eit svært langsiktig perspektiv. Ein meiner såleis at ny fjellov bør vidareføre eit generelt forbod mot sal av statsallmenningsareal (avhendingsforbod) for å bevare statsallmenningane som store, udelte eigedomar. Dette er viktig for dei med jordbruksrettar, og for jakt-, fiske- og friluftsinteressene. Rådmannsleiringa støttar fleirtalsforslaget om at gjeldande reglar med opning for utleige av areal / dyrkingsparsellar og enkelte unntak for sal vert vidareført.

Når det gjeld feste er lovutvalet samde om at det framleis skal vere mogleg å etablere avtalar om feste av tomter i statsallmenningane. Rådmannsleiringa støttar fleirtalsforslaget om at det ikkje kan opnast for sal av tomter til fritidsbustader i statallmenningane. Dette særleg med tanke på kor viktig statsallmenningane er som beiteområde for småfe, storfe og villrein, og tilgangen til å avtale at festetomter ikkje skal gjerdast inn, jf. Tomtefestelova §16.

Forvaltning av skogen i statsallmenningar med virkesrett

Rådmannsleiringa støttar fleirtalsforslaget om at skogen i statsallmenningar med virkesrett skal forvaltast av det enkelte fjellstyre i staden for Statskog SF. Ein er samd med fleirtalet som har lagt til grunn at skogen vil bli drive på ein betre måte, og at auka skogverdi over tid vil vere viktig som eit grunnlag for å oppretthalde den lokale styringa av statsallmenningane. Rådmannsleiringa meiner og at dette vil kunne gje positive ringverknader for verdiskapinga i lokalsamfunna.

Vidare meiner ein at hovudregelen for virkesretten bør vere enkeltpersondrift jf. at virkesrettshavarane sjølv skal ha rett til å hogge og drive fram utvist virke.

Statskog SF si rolle som grunneigar vil bli reindyrka, og ein skil rolla til Staten som eigar og som myndigkeit i statsallmenningane.

Fordeling av inntekter mellom fjellstyra og Statskog SF

Det er eit viktig prinsipp i dagens Fjellov at verdiskapinga skal vere igjen lokalt der verdiane er skapt. Rådmannsleiringa støttar fleirtalsforslaget om at dette prinsippet ytterlegare skal styrkast. Ordninga i dag er at festeinntekter frå til dømes hytter og hotell vert delt 50/50 mellom vedkommande fjellstyre og grunneigarfondet til Statskog SF, medan inntekter frå anna arealleige (til dømes bustad, næring, alpinanlegg, mobilmaster m.m.), grus/mineral og fallrettar i sin heilskap går til grunneigarfondet til Statskog SF. Rådmannsleiringa støttar fleirtalsforslaget om at alle brutto grunneigarinntekter vert delt 50/50 mellom vedkommande fjellstyre og grunneigarfondet til Statskog SF.

Jakt, fiske og friluftsliv

Rådmannsleiinga viser til at statsallmenningane har stor betydning for folks tilgang til jakt, fiske og friluftsliv. Fjellstyra bidreg ved sine rimelege og godt tilrettelagte tilbod til at mange kjem seg ut i naturen, og dermed til hausting av naturressursar, god folkehelse og trivsel. Rådmannsleiinga meiner ny Fjellov bør sikre og utvikle desse aspekta ytterlegare. Ein støttar fleirtalsforslaget om vidareføring av gjeldande reglar for jakt og fiske i statsallmenningane, inkludert ordninga med prisrammer.

Privat eller statleg finansiering

Rådmannsleiinga er klar på at fjellstyra leverer ei rekke viktige samfunnsgode. Fjellstyra legg til rette for eit allment friluftsliv og tilbyr jakt og fiske til allmenta, både for dei som bur i områda og for andre. Tilboden i statsallmenningane bidreg til å aktivisere store delar av befolkninga, samtidig som det er et vesentleg potensial for å nå ut til fleire og nye grupper.

For jegerar og fiskarar betyr statsallmenningane tilgang til jakt og fiske til rimelege prisar. Prisane på jakt og fiske vert regulert gjennom eit system med prisrammer, og dette systemet bidreg til å sikre ein prisutvikling i statsallmenningane som sikrar allmenta tilgang til jakt og fiske. Rådmannsleiinga støttar fleirtalsforslaget om at fjellstyras ivaretaking av viktige samfunnsgode bør gje utslag i ei statleg grunnfinansiering av fjellstyras verksemd.

Administrasjonssjefen i Nord-Fron
Arne Sandbu